



GI SYN TIL TANZANIA



Har du liggjande briller eller solbriller som du ikkje brukar? Då er vi interesserte i dei.

«Vi» er elevar som har valfaget *Innsats for andre* ved Leikanger ungdomsskule. No set vi i gang ein brilleaksjon der vi ynskjer å samle inn brukte briller og solbriller. Brillene vi får inn, leverer vi til Specsavers i Sogndal som distribuerer dei vidare til «Gi syn til Tanzania». Specsavers Noreg gjennomfører jamleg ein aksjon der dei sender optikarar til Tanzania for å utføre sysnundersøkingar og dele ut briller.

Vi kan dessverre ikkje ta imot «Nille-briller» eller liknande, men dersom du har andre briller eller solbriller av god kvalitet som du ikkje brukar, blir vi veldig glade viss du vil donere dei til oss.

Slik gjer du det:

- Send ei tekstmelding til 40 60 02 53 om at du har briller eller solbriller
- Legg brillene i ein plastpose
- I tekstmeldinga skriv du fornamn, etternamn + adresse og om du legg posen i postkassa di eller heng han på ytterdøra
- Du får svar der vi bekreftar at vi hentar brillene
- **Aksjonen vert avslutta torsdag 25. mars**

Venleg helsing

«Innsats for andre», Leikanger ungdomsskule